

# Årsmelding for IMS

**Og det er vår bøn at de må bli fylte med kunnskap om Guds vilje og få all den visdom og innsikt som Anden gjev, så de kan leva eit liv som er Herren verdig, og vera heilt og fullt til glede for han, bera frukt i all god gjerning og stadig veksa i kjennskap til Gud. g det du har høyrte av meg framfor mange vitne, skal du gje vidare til pålitelege menneske som er i stand til å læra andre.**

**- Kol. 1, 9-10**

158 år er gått sidan IMS vart starta i ei løe i Uskedalen. Lang tid, mange erfaringar, mykje gjort, men også ting ugjort. Me ynskjer å læra av våre erfaringar og vår historie, samtidig som me har blikket retta framover, klare for å setja nye spor.

Framleis er formålet vårt: Me vil fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid. For eit oppdrag; stort og ærefullt, samtidig som det medfører eit stort ansvar.

## **Annleisåret nr. 2**

*«Me i administrasjonen er delvis tilbake på kontoret igjen. Kontoret er ope kvar tysdag og torsdag. Framleis er nokre arbeidarar fullt eller delvis permitterte. Me gler oss verkeleg til normale tilstandar og til å få koma meir ut til dykk misjonsvenner.»* Sitatet er henta frå lags- og forsamlingskriv i mai.

Og her frå brev til dei same adressatane i september, litt omskrive:

«Det er godt å vera i gong igjen. Nettopp denne setningen har me nytta fleire gonger i kommunikasjon med deg lokalt. Det er ufatteleg godt å koma ut lokalt og møta dykk som leiarar og misjonsvenner, samt å delta på ulike arrangement i IMS-

regi der fellesskapet og forkynninga er i fokus. Mange har sakna det gode kristne fellesskapet. Så håpar me også at me kan ta kontakt med dei me saknar etter koronanedstenging. Det kan bety mykje at nokon tar kontakt.»

Korona har satt sine spor. Nokre har funne andre vener og vanar. Spesielt spente er me på følgjene i barne- og ungdomsarbeidet. Vil me sjå dei unge igjen etter alle periodane med nedstenging? Dette spørsmålet gjeld også vaksne. Fleire leiarar kjenner også det har vore tungt å dra lasset, og heile tida vurderer om det er forsvarleg å møtast. Sjølv har me også kjent på dette i IMS-staben. Innimellom har me mista mot og energi, men heldigvis har det kome tilbake igjen. Så er også Han som kalla oss trufast, og har lova vera med kvar dag, uansett korleis dagen og situasjonen er.

Korona har heldigvis også opna for nye moglegheiter. Digitale sendingar er blitt lett tilgjengelege for mange, og det er lett å samlast til nettmøte.

Uansett; no er me klar for eit «normalår».

# Årsmelding for IMS

## Satsingsområde og verdier

Under utsendingsmøtet i 2020 vart det vedteke at våre satsingsområde fram til 2025 skal vera fellesskapsvekst, leir og leiartrening. Dette er område me arbeider med, har oppe på stabsdagane ein gong i året og stabsmøte elles. Det er laga eittårsplan for korleis me kan få framgong på desse områda.

Så vart det samstundes vedteke verdier for IMS: påliteleg, hjartevarm, utrustande og misjonal. Dette er også verdier me prøver å bevisstgjera. Frå i haust av har me hatt oppe ein og ein verdi i kvart styremøte.

T.d. har me reflektert over verdien påliteleg: «Kva betyr denne verdien for IMS, og konkret i ditt eige liv?» Me utfordrar også lokalt styre til å arbeida med desse tinga.

## Møteverksemd og Forsamlingsarbeid

Også dette året vart møteverksemd og forsamlingsarbeid sterkt prega av koronasituasjonen, spesielt gjaldt det byrjinga på året, men også no på slutten. Heldigvis hadde me ein god periode i haust, der mykje gjekk tilnærma normalt.

Spørsmålet me kan stilla oss enkeltvis, men også på vegne av forsamlinga: «korleis kan eg halda meg nær til Gud når det lokale forsamlingsarbeidet er nedstengt?» og «korleis kan me hjelpa medlemmene i forsamlinga vår?». Dette er jo viktige spørsmål, enten me har korona eller ikkje. Mange har sine eigne rutinar og rytmar som fungerer, fleire er med i ei smågruppe og har kunna møtt store deler av året. Men mange er ikkje der.

Sjølv om det er mykje me ikkje kunne gjera, er det også mykje me kunne gjera: Størstedelen av året kunne me samlast i grupper, eller to og to. Nokre har m.a. nytta høvet til oppfølging av leiarar, medvandring m.m.

Etterdønningane av korona vil me kanskje dra med oss ei stund framover. Heldigvis er det vårt inntrykk at det fysiske fellesskapet er viktig for mange. Fleire stader har me opplevd at mange har kome når det blir invitert til møte og ulike arrangement.

Fleire forsamlingar er oppteken av vekst, og korleis bli sunnare. Naturleg menighetsutvikling (NaMu) har nettopp «flere sunnere menigheter» som sitt mål. I IMS-samanheng er tre forsamlingar i NaMu-prosess: Halsnøy, Gilje og Voss. Så er også ImF Stord med i Futurum, læringsfellesskap for lokale forsamlingar.

## Krinsen

IMS er ei samanslutning av lokale foreiningar, forsamlingar, lag og kontaktar. Pr nyttår var det totalt 137 lag fordelte slik:

- Indremisjonar 57
- Kontaktar 16
- Kvinneforeningar 13
- Mannsforeningar 1
- Andre lag 1
- Kor 5
- Barnelag 27
- Ungdomslag 17

Pr nyttår 2021 var talet 138, så det er ein nedgong på 1, det er eitt barnelag som er nedlagt.

# Årsmelding for IMS

## ARBEIDARANE 2021

Korona har vore ei utfordrande tid med uvisse og planlegging av arr som aldri vart noko av m.m. Takk til trufaste medarbeidarar som har stått på, vist tolmod og velvilje i ei utfordrande tid. Samtidig har me sett nye og betre løysingar i enkelte saker. Stabsmøte på nett er komen for å bli.

Tilsette med reisejobb vart heilt eller delvis permitterte frå 19. januar til sommaren. Hausten gjekk mykje godt sin gong, heldigvis, til Noreg igjen vart nedstengd i desember.

### Medarbeidarstab IMS:

Marit Hårklau Ådnanes (80 %)

Guri Bjørnevik (80 %)

Johannes Olsen (80 %)

Lise Marie Thuestad Litlabø (50 %)

Kåre Johan Hamre (60 %)

Marit Andresen Røen (50 %)

Eirik Stensland (80 %)

### Tilsett lokalt:

Knut Kvamme, Voss (60 %)

Sindre Kirkedam Larsen, Voss (30 % fram til sommaren)

Vidar Sangolt, Norheimsund og Øystese (46 %)

Julie Haaberg, Norheimsund og Øystese (50 % frå 1. august)

Ingvild Løklingholm, Stord (100 %)

Hilde Kristin Teigland, Stord (40 %)

Eirik Stensland, Bømlo (20 %)

Bjarne Notland, Moster (100 % fram til 1. februar. Permisjon februar-august. 80 % frå september)

Sjå eigne meldingar for tilsette Brandøy, Helgatun, Helgatunlia, SunnBok og Framnes.

## Fritidsforkynnarar:

Tusen takk til alle frivillige som stiller opp på talaroppdrag for IMS. Mange vert sendt ut frå IMS-kontoret, men fleire tar også på seg oppdrag etter direkte spørsmål lokalt. Fleire møte måtte dessverre gå ut på grunn av korona. Uansett stor takk til deg som er villig.

## Desse har me hatt på lista i 2021:

Arne Lindekleiv, Solveig Norheim, Ola Malvin Lomheim, Klaus Muff, Svein Bjarne Aase, Aksel Ingvard Johannessen, Håkon C. Hartvedt, Reidar Brevik, Ingebrigt S. Sørfohn, Ove-Kjell Sakseid og Ole Abel Sveen.

## Frå ImF-samanheng:

Håkon Garvo, Marit Stokken Berland, Irene Krokeide Alnes, Kenneth Foss, Roald Evensen, Erik Furnes og John Torjus Eriksen.

Me vil også retta stor takk til alle leiarar og talarar som har vore engasjert på leirar og ulike arrangement på Brandøy og Helgatun gjennom året.

## ARRANGEMENT

### Konferansar

Me håpa i det lengste at me kunne få gjennomføra både Kraftkonferanse og Forsamlingskonferanse fysisk. Til slutt innsåg me at om det skulle bli konferanse, måtte den bli digital. Programmet vart forkorta og endra noko, men me opplevde det positivt, og fekk gode tilbakemeldingar på det. Så kan ein ved digital konferanse hiva seg med, same kor ein bur. Litt unødvendig gjerne at dei to konferansane kom helg etter helg, men me valde å

# Årsmelding for IMS

køyra det slik, sidan me hadde gått ut med datoen og også hadde fått med oss ressurspersonar.

Under begge konferansane var det veksling mellom undervisning og gruppesamtale. Nokre styre valde å følgja konferansane ved å fysisk vera i same lokalet.

«Åndeleg leiarskap» og «Åndeleg tilsyn» ved generalsekretær Erik Furnes, var blant anna tema under Forsamlingskonferansen 13. februar. IMS-tilsette bidrog med følgjande tema: «smågrupper – ein veg til vekst», «disippelliv» og «korleis ta vare på barne- og ungdomsarbeidet i fellesskapet?» Lokale personar delte frå lokalt arbeid, det er alltid kjekt og inspirerende å få med seg.

John Torjus Eriksen, plantingsleder i ImF, hadde tema både omkring nye fellesskap, smågrupper og «fellesskap som sender ut disiplar» under Kraft 20. februar. Elles var det av IMS-tilsette tema omkring «vekst i forsamlinga» og «kva me må gjera no for å rusta oss for framtida?». Også her hadde me «Glimt til inspirasjon», der personar fortalde frå lokalt arbeid.

Takk til Norheimsund Indremisjon som tar praktisk ansvar slik at me får denne konferansen til, samt til lokale song- og musikkrefter.

## Utsendingsmøte 19. juni

Også i år måtte me avlysa Sommarens Storsamling på Framnes, og det vart eige utsendingsmøte på Leirvik bedehus i staden.

66 utsendingar var registrert, dette er litt meir enn i 2020 då det var 59 utsendingar. Utanom ordinære årsmøtesaker, var det

også i år sak omkring kausjon av byggjelån til Helgatunlia som banken kravde. Det var småjusteringar av IMS-lovene, og elles ImF-prosess og samtale om arbeidet.

## ImF-prosess

Under Utsendingsmøtet 2020 vart det vedteke å gå inn i forpliktande prosess saman med ImF sentralt og dei andre kretsane, der ein saman kan finna fram til ein mest mogleg tenleg organisasjon og struktur får å nå lengst mogleg med misjonsoppdraget vårt. Ei gruppe på åtte er peika ut til å arbeida med dette, og under utsendingsmøtet i 2021 vart det info om arbeidet, og samtale rundt borda der me skulle finna ut av kva tre prinsipp frå historia me ynskjer å ta med oss inn i framtida. Mange gode ting kom fram her. Som ei oppsummering vil me nemna dette: arbeidet vårt må byggja på Guds Ord, me må satsa på barne- og ungdomsarbeid, det lokale arbeidet er viktig og diakonalt arbeid må løftast opp.

Prosessgruppa har arbeidd med desse tinga vidare, og mot slutten av året har ein også begynt å sjå på ulike framtidsscenario for organisering av arbeidet.

## Kjør igjønå-basar 20. juni

Då det ikkje vart Sommarens Storsamling Som ei lita erstatning for Sommarens Storsamling, valde me også i år å ha Kjør igjønå-basar. Då fekk me koma rundt i bygdene å treffa folk, og arrangementet gav også gode inntekter til IMS. Konseptet var likt som året før, der me køyrte gjennom ei rundløype på parkeringsplassen ved bedehuset. Dei fleste køyrte igjennom løypa med bil, nokre brukte beina, og det er endåtil meldt om at eldste deltakar på

# Årsmelding for IMS

over 90 år gjennomførte med rullator. Lokal komite hadde førebudd alt godt. Dei stod klar med eitt team, hadde baka boller, laga løype og kjøpt inn gevinstbøtter til lykkehjul. Det var postar der folk kunne ta lodd på hovudlotteri, prøva seg på ballkast og quiz, lykkehjul og ein fekk servert kaffi, saft og boller. Det heile vart akkompagnert av friske, kristne barnesongar frå høgtalaranlegg.

To IMS-team var innom sju bygder; Halsnøy, Husnes, Norheimsund, Fitjar, Horneland, Voss og Moster. Brutto fekk me inn om lag kr 110.000,- til IMS denne dagen. Tusen takk til alle som kjøpte lodd og støtta opp om arrangementet, samt lokale bedehus som stilte med mannskap, bakverk og bøtter med gevinstar.

## Brandøyhelg 21.-22. august

Trass koronatid er me veldig glade for at me fekk gjennomføra Brandøydagen både i 2020 og 2021, det heile godt gjennomført innan gjeldande regelverk. Dei siste åra har helga blitt utvida til å også inkludera festmåltid, og gjerne konsert, laurdag kveld. Fleire nyttar også høvet til å overnatta på Brandøy. I år vart det i tillegg seminar med bedehus-entusiast Svein Helge Bergfjord laurdag, etterfulgt av rikhaldig middags- og dessertbuffet. Til slutt på kvelden ein flott konsert av songarar og musikarar frå Skjold, Vats og Vik-området.

På sjølve Brandøydagen fekk barna vera med på speed-leir med Johannes Olsen og Lise Marie Thuestad Litlabø, medan vaksne var i aktivitetshallen og hørde på Svein Bjarne Aase. Han heldt tale over

temaet «under ein open himmel». Også denne dagen var gruppa frå Skjold, Vats og Vik-området med; ein flott gjeng å ha med. Helga vart avrunda med familiemøte, med andakt av Marit Andresen Røen. Ho viste fram ei nistepakke, og minna oss på kor viktig det er å få i seg mat.

## Haustmøtehelg 24.-26. september

Go`fredag vart i år byta ut med «Haugespor», Ryfylke Livsgnist sitt Jubileumsspel om Hans Nielsen Hauge. Stord Kulturhus var fylt opp med maks antal tillatte personar fredag kveld. Dagen etterpå vart det opning for å samla fleire folk, så me var litt uheldige der. Likevel gjekk arrangementet økonomisk i pluss, og best av alt; folk fekk med seg ei fantastisk framføring der 4 skodespelarar spela 30 roller på halvannan. Me fekk innsyn i kvardagsliv, åndsliv, næringsliv, fattigdom, rikdom, konfliktrar og omsorg.

Erik Furnes var med som talar laurdagen. Først var tilsette og IMS-styre samla til arbeidarsamling. Deretter var det ettermiddagsmøte med undervisning, ope for alle. «Pusterom» song med og for oss. Dette er tre damer frå Bømlo som fann «tonen» då dei opptredde på Go`fredag året før. Dei danna så ei songgruppe, til glede for oss alle. Furnes tala over «For de kan alle tale profetisk». Han minna oss på at det er viktig å vera medvitne våre nådegåver, og særleg på ansvaret for å formidla med frimot. Me skal formidla til trøyst, formaning og oppmuntring.

Under «Vi møtes» om kvelden bidrog Sela med befriande song. Musikalsk leiar og til dagleg politiadvokat Sveinung Andersen

# Årsmelding for IMS

var også kveldens gjest. Han delte ærleg og usminka frå jobb og familieliv. Søndagen var det fleire lokale møte.

## Viktige arrangement elles:

Pusterom, kvinnedagar på Brandøy – med kvilefokus, 13.-15. september.

Damehelg, Brandøytreff og Vårtreff måtte dessverre utgå på grunn av korona.

Hausten var meir open, og på Helgatun fekk ein gjennomføra Sunnhordlandstreff, Damehelg, Pusterom, Jaktleir og Helgatunhelg. Desse er Helgatun sine eigne arrangement.

## Ressursgrupper

Sidan 2015 har me hatt ressursgrupper for lokale leiarar. Det er tre slike grupper; ei i Hardanger og to i Sunnhordland. Ei gruppe består av seks – åtte medlemmer og vert leia av dagleg leiar i IMS, og møtest to gonger i semesteret. Også i 2021 vart fleire av treffa på Teams, men me føretrekk fysisk møte, så lenge det innanfor koronareglane. Erfaringsutveksling og refleksjon omkring arbeidet står i fokus. I 2021 har fleire nye blitt medlemmer i ei slik gruppe. Alle lokale leiarar i hovudforeining og forsamling skal i si tid ha fått invitasjon til slik gruppe. Vennligst ta kontakt med IMS-kontoret om du ynskjer å vera med i ei slik gruppe.

## Julemesser Tysnes og Bremnes

Heller ikkje i år vart det fysiske messer, verken på Tysnes eller Bremnes, grunna korona. Tysnes valde å utsetja messa til januar, men sidan landet framleis var nedstengd då, måtte også denne utgå. Misjonsvenner har likevel vore ivrige i tenesta, laga gevinstar, seld lodd og hatt

trekking på nyåret.

Også på Bremnes har ivrige misjonsvenner seld lodd rundt om på bedehusa, og i Bremnes sentrum. Trekkinga var 9. desember.

Me er takknemleg for den flotte innsatsen som vart gjort rundt julemessene. Takk for at de ikkje berre «gav det heile opp». Tilsaman vart det sendt kr 103.000,- til IMS etter messene. Tusen takk! Me har også lyst å retta stor takk til alle andre som arrangerer basarar til inntekt for IMS, og som legg mykje arbeid ned i å laga gevinstar, selja lodd og gjennomføra basar.

## MEDIA

[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no) og Facebook. I skrivande stund har IMS si Facebook-side 1245 likarar, og 1629 følgjarar. Facebook er eit nyttig verktøy om me vil nå ut raskt med medlingar og ulike arrangement. Så er det ein stad me kan nå langt ut, også med evangeliet, gjennom vitnesbyrd, bibelhelsingar og digitale møte. Me har framleis eit stort potensiale i å nå ut til fleire via Facebook. Instagram bør gjerne også vurderast.

Det krev ressursar å vera «på» i sosiale media. Det er eit stadig spørsmål kor mykje ressursar me skal nytta til dette. Nettsida vår er først og fremst tenkt som ein stad der me informerer om leir og ulike arrangement, og der ein finn påmeldingsskjema. Så skal det sjølv sagt vera lett å finna info om IMS her, om givarteneste, kontaktinfo m.m.

## IndremisjonVenen

Bladet er viktig i kontakten med misjonsfolket. Ofte vert bladet lagt ut på

# Årsmelding for IMS

facebook og nettside, men enno i lang tid framover ser me at me også treng eit fysisk blad. I dag har me ca 3.120 abonnentar. Det kostar oss ein del, både ressursmessig og økonomisk, å laga og trykka bladet. No vert det produsert fire nummer i året. Gjennom året får abonnentane tilsendt fire gåvegiroar, forutan bladgåvegiro. Abonnentar som ynskjer det, kan gi ei frivillig bladgåve. I fjor fekk me inn kr 186.620,- på dette, om lag likt som året før. Så genererer IndremisjonsVenen også gode pengar gjennom støtteannonser i årsmeldingsnummeret. Jan-Ove Fagerheim gjer ein fantastisk jobb med layout på bladet. Tusen takk!

## FRAMNES, BRANDØY OG HELGATUN

Me er stolte og takknemlege for avdelingane våre og det viktige arbeidet som vert drive her.

På Framnes er det i år rekordmange elevar som går, opp mot 270 ungdommar. Dei fleste bur på Framnes, men nokre er heimebuarar. Framnes ynskjer å vera ein skule for fellesskap, framtid og vekst. Det veit me at svært mange elevar også kan vitna om. Framnes er både ein skule og ein heim. Her modnast mange i trua, og tar viktige standpunkt i forhold til tru.

Korona har vore ei utfordring for alle avdelingane våre. Sjølv om me veit at koronareglar vert tatt på alvor, vart det eit større utbrot på Framnes i oktober. Det er imponerende at ein klarte å begrensa smitte og stoppa utbrotet med så mange elevar på tunet.

På Brandøy vart det svært stille om

vinteren då dei fleste avlyste arrangementa sine. Det medfører sjølvsagt utfordringar i forhold til tilsette, det å ha meningsfulle oppgåver å gå til m.m. Heldigvis opna landet opp igjen til sommaren. Då fekk IMS gjennomført tre leirar, og bryllup vart gjennomført. Heldigvis har hausten gått sin nokonlunde normale gong.

Gode tilskotsordningar frå staten har vore med på å redde økonomien både til Brandøy og Helgatun dette året. Også på Helgatun vart det eit annleis år med mange avlyste arrangement, trass i at store deler av hausten vart tilnærma normal. Det har vore jamn strøm med arbeidarar til Helgatunlia som treng overnatting, mat og stell. 30-40 arbeidarar gir også nødvendige inntekter til drift av Helgatun.

Fellesskapet folk får oppleve på leirstadane våre er viktig, enten det er eigne leirar og arrangement, eller forsamlingar som vel å reisa vekk for å pleia relasjonar og ha åndeleg fokus.

Tusen takk til dagleg leiar på Helgatun, Jorunn Johannessen med stab, dagleg leiar på Brandøy, Andreas C. Våge med stab og rektor på Framnes, Harald Voster med stab, for stor innsats gjennom året, og for at de har leia med stødig hand i utfordrande tider.

Tusen takk til alle for kreativitet, velvilje og trufast teneste der de er satt. Denne takken går også til dei respektive styra med sine formenn.

Me viser til eigne årsmeldingar og rekneskap for desse avdelingane.

# Årsmelding for IMS

## SUNNBOK

Gjennom SunnBok får du tak i alt du treng av kristen litteratur, musikkutstyr, rekvisita, pyntegenstandar med meir. Eigen nettbutikk er opna, så bøker og anna er lett tilgjengeleg om du ynskjer å kjøpa noko. Nokre bedehus kjøper også forbruksartiklar gjennom butikken, og får desse direkte sendt frå produsent. Så er det atter andre forsamlingar som har «bokbord» frå SunnBok med sjølvbetening etter møteslutt. Dette er gjerne noko fleire kan vurdera?

Også i år har det vore periodar der det har vore stille på butikken på grunn av korona. Ein har no funne fram til ein god rytme på opningstidene, som fungerer for både tilsette og kundar. Nokre frivillige er med og betener butikken forutan dagleg leiar og ein tilsett ungdom på deltid.

Tusen takk til dagleg leiar Silje Fyllingen, tilsett, frivillige medarbeidarar og styre for kreativitet og engasjement for butikken.

## HELGATUNLIA

1. juni 2021 stod dei 15 første leilegheitene innflytningsklare (bygg 2). No arbeider ein med bygg 1 og 3. Her er alle leilegheitene selde, og desse skal stå klar til sommaren. Sal av bygg 4 og 5 var godt i gong før nyttår. 20. januar 2022 vart det opna opp for sal i det siste bygget. Totalt blir det bygd 72 leilegheiter, fordelt på seks bygg. Salet har gått godt, og berre frå haustferien til 16. januar er det seld 21 leilegheiter.

Takk til prosjektleiar Odd Inge Austevoll for engasjement, stor arbeidsinnsats

og styring av prosjektet. Takk til styret for Helgatunlia, med leiar Nils Tveite i spissen, som står på seint og tidleg, og saman med Odd Inge, arbeider for å få størst mogleg overskot til utvikling av Helgatun. Det har vore fleire motbakkar i prosjektet. De har jobba intenst, og arbeidd dykk igjennom utfordring etter utfordring. Det har vore mange styremøte og mange avgjersler som skulle tas, til dels med kort frist. Stadig har de sett løysingar, og hatt fokus på framdrift.

Me ser med forventning på framtida, og gler oss til at prosjektet også skal generera gode pengar til utvikling av Helgatun. IMS-styret har vedteke å oppretta ein «Helgatunkonto» for overskotet frå utbygginga. Kontoen skal danna økonomisk grunnlag for vidare utvikling av Helgatun. Deler av kontoen kan også nyttast til viktige utviklingsprosjekt i IMS. Kontoen vert forvalta prosjekt for prosjekt.

To leilegheiter er holdt tilbake frå sal. Desse vert disponert av Helgatun for utleige, og tilsette IMS og styremedlemmer har også høve til å leiga eine leilegheiten.

Me viser til eiga årsmelding og rekneskap for både SunnBok og Helgatunlia.

## PLUSSREISER

Plussreiser er ein samanslutning av dei tidligare selskapa Si-Reiser, Ravinala Reiser og Sabra Fokusreiser. Hovudkontoret ligg i Ålesund med avdelingskontor i Kristiansand og Stavanger. Også fjoråret vart utfordrande og spesielt grunna korona. Vanlegvis sender Plussreiser over 200 grupper på



# Årsmelding for IMS

tur med til saman 8000 reisande frå heile landet.

IMS er eigarar i Plussreiser med 2 %, og eig saman med Sunnmøre Indremisjon, ImF, Normisjon og Det Norske Misjonsselskap, Manova, Nordmøre og Romsdalen Indremisjon.

Aud Kindervåg Halsne er dagleg leiar. Sjekk gjerne ut [www.plussreiser.no](http://www.plussreiser.no).

## ØKONOMIEN

I fjor selde me Nordbygda bedehus, noko som gav kr 1.615.959,- til IMS. Overskotet frå første byggetrinn i Helgatunlia vart kr 5.303.669,17. Så sjølv om årsrekneskapen viser eit overskot på kr 6.815.580,82 er det reelle resultatet kr 104.047,35 i minus. I 2021 enda IMS med eit underskot på kr 36.767,77.

**Gåver frå foreiningar og forsamlingar** var i 2021 på kr 1.030.642,60. Desse gåvene vart sterkt reduserte i 2020. Då var dei vel kr 400.000,- lågare enn året før. I 2021 sank desse gåvene ytterlegare med kr 212.405,- i forhold til 2020. Sjølv om fleire foreiningar og forsamlingar strekkjer seg for å senda økonomiske bidrag til IMS, er det naturleg at gåvene vert mindre når ein ikkje har kunna samlast til møte. Samtidig har me lyst å ansvarleggjera fleire lokalt på å senda pengar, spesielt gjeld dette barne- og ungdomslag. I fjor kom det kun inn gåve frå eitt lag.

I 2020 såg me ein god auke i gåver frå enkeltpersonar. Det gleder oss at enkeltpersonar har tatt ansvar og gitt direkte, når dei gjerne ikkje kunne samlast lokalt til møte. I gåveaksjonar (vår-, sommar-, haust- og julegåve) kom det i 2021 inn kr 713.990,- i 2020 kr 722.430,-

og i 2019 kr 504.114,-. Fast givarteneste ligg om lag likt med 2020. Kr 1.262.074,- kom inn i 2021.

**Lønsutgifter** er om lag like som i 2020. I 2021 enda dei på kr 2.479.974,-, I 2019 var dei til samanlikning på nær kr 3.3 millionar. Reduksjonen i forhold til 2019-tala skuldast hovudsakleg permitteringar både i 2020 og 2021, men det har også skjedd noko endringar i stillingar og stillingsstorleikar. Det er ikkje kjekt å gå til skritt å permittera tilsette. Samtidig hadde me ikkje så stort val då Noreg igjen vart stengd ned vinteren 2021.

**Andre driftskostnadar** er på kr 2.830.822,98. Dette er kr 359.285,41 meir enn året før.

Varm takk til deg som står med oss i arbeidet, også økonomisk.

## EIGE HUSSTYRE FOR IMS-BYGGET

Det føl ein del arbeid med å eiga eit stort hus, som også har sine leigetakarar. Fjoråret innebar opprustning i bakgården i samband med at me fekk ny Folkehøgskule som nabo. Blant anna vart det lagt ny asfalt. Tusen takk til Svein Bjarne Aase som over lang tid har hatt ei hovudoppgåve med å følgja opp huset. Så har han i tillegg desse med seg i eit husstyre: Oskar Emil Langeland og Dag Myhre. Styret skal ha ansvar for dagleg tilsyn og vedlikehald av eigedommen.

# Årsmelding for IMS

## IMS-STYRET

**Fram til årsmøtet i 2021 var styret samansett slik:**

Ole Bernar Innvær - leiar  
Mirjam Eide Gravdal - nestleiar  
Oddvar Martin Torget, Linda Aase, Tordis Thuestad, John Helge Heie, John Morten Espevik – styremedlemer,  
Randi Eiken Brekke – 1. vara, Ole Håland – 2. vara, Kirsten Stokken – 3. vara.

**Etter årsmøtet 2021 var samansetjinga slik:**

Ole Bernar Innvær - leiar  
Linda Aase – nestleiar  
Oddvar Martin Torget, Tordis Thuestad, John Helge Heie, Ragnhild Nesse, Kjetil Harestad – styremedlemer,  
Ole Håland – 1. vara, Rune Stokken – 2. vara, Henriette S. Bjørnevik – 3. vara.

Styret har hatt 6 styremøte og handsama 60 saker. Mellom anna har styret handsama økonomi- og budsjettarbeid, spørsmål og vedtak knyta opp mot avdelingane våre – blant anna disponering av overskot Helgatunlia. Sal av Nordbygda bedehus har vore sak, ulike arrangement, personal og samtale om arbeidet.

Styret har hatt generalforsamlingar for avdelingane våre, og jamleg fått orientering om arbeidet på Brandøy, Helgatun, Helgatunlia, Framnes og SunnBok. Ein gong i året møter me styra for Brandøy, Helgatun, Helgatunlia og Framnes. På grunn av korona fekk me i år kun til fysisk møte med Brandøy og Framnes.

## TAKK!

Me har mange trufaste misjonsvener og engasjerte som på ulikt vis står med i arbeidet. Tusen takk for dette! Me treng deg, og me treng kvarandre. Mange er med og ber, oppmuntrar, støttar økonomisk, trør til på leir, i styrer, komitear, praktisk, drar på forkynnaroppdrag og leier arbeidet lokalt. De er så mange, og så flotte. Tusen takk for at du trufast står i det.

Me gler oss også over å stå saman i tenesta med flotte tilsette. Takk nok ein gong for kreativitet, forståing og velvilje i året som har gått. Takk også til lokale tilsette, tilsette ved Framnes, Brandøy, Helgatun, Helgatunlia og SunnBok. Saman står me i det store misjonsoppdraget.

Ole Bernar Innvær, leiar  
Linda Aase, nestleiar  
Oddvar Martin Torget  
Tordis Thuestad  
John Helge Heie  
Ragnhild Nesse  
Kjetil Harestad  
Ole Håland, 1. vara  
Marit Hårklau Ådnes, dagleg leiar